



Halvard Haugsvær
Haugsvær 48
5983 Haugsvær

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/229 - 23/2544

Sakshandsamar:
Kjersti Furnes Soltvedt
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:
15.03.2023

Haugsvær kraftverk gbnr 47/5 - Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Masfjorden kommune viser til rekvisisjon av oppmålingsforretning datert 03.03.2023.

Haugsvær Kraft AS har søkt om oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning. Søknaden gjeld oppretting av punktfeste kraftstasjonsbygg og inntak ved dam til Haugsvær kraftverk på gbnr. 47/5, der Halvard Haugsvær er heimelshavar.

Søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen for Haugsværdalen og arealdelen til kommuneplanen er behandla etter plan- og bygningslova og er godkjend i administrativt vedtak 134/2022, datert 19.12.2022 i sak 22/309.

For å kunne gå i gang med prosjektet er utbyggjar avhengig av at nye matrikkeleiningar til kraftstasjon og punktfeste for inntak er matrikkelført slik at nødvendige rettar kan tinglysast. Grunngeving for å utsetje endeleg oppmålingsforretning, er at det kan forekomme mindre endringar av anlegget ved detaljprosjektering.

Det vert no gjort slikt vedtak etter matrikkellova:

Me viser til matrikkellova § 6 andre ledd og forskrift til matrikkellova § 25 pkt. 2, og godkjenner søknaden om oppretting av matrikkeleining før oppmålingsforretning er fullført.

Punktfesta er tildelt følgjande matrikkelnummer;

- **gbfnr 47/5/10 – punktfeste for inntak ved dam**
- **gbfnr 47/5/11 – punktfeste for kraftstasjonsbygg**

Punktfesta er no oppretta i matrikkelen og i grunnboka. Vedlagt fylgjer matrikelbrev.

Frist for fullført oppmålingsforretning vert sett til 15.03.2025.

Klage:

Matrikkelføringa og dette vedtaket kan klagast over, jf. matrikkellova §46 . Klage skal stilast til statsforvaltaren, men sendast til Masfjorden kommune. Klagefrist er tre veker frå motteke brev

Du kan sjå punktlista på www.nordhorlandskart.no og www.seiendom.no

Underteikna kan kontaktast på e-post eller telefon 56166297 / 90619603 dersom det er spørsmål eller merknader til dette.

Med helsing

Kjersti Furnes Soltvedt
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Matrikkelbrev 47-5-10

Matrikkelbrev 47-5-11

Kopi til:

Arvid Bjarne Vågseth	Haugsvær 41	5983	Haugsvær
Haugsvær Eiendom As	Sognevegen 2222	5983	Haugsvær
Kari Oddbjørg Vågseth	Haugsvær 41	5983	Haugsvær
Olaf Mikal Haugsvær	Torollsvegen 12a	4365	Nærbø

Mottakarar:

Halvard Haugsvær	Haugsvær 48	5983	Haugsvær
Haugsvær Kraft As	Handelandsvegen 75	5451	Valen
Haugsvær Kraft As	Handelandsvegen 75	5451	Valen